



«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 13.03.2017
Vår ref.: 2016/6619-8
Saksbehandlar: gunhans
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

Fråsegn frå Hordaland fylkesting den 8. mars 2017 om den akuttkirurgiske beredskapen ved Odda sjukehus

«Adresse»Hordaland fylkesting har i møte 08. 03. 2017 samrøystes vedteke slik fråsegn:

Fråsegn frå Hordaland fylkesting den 8. mars 2017 om den akuttkirurgiske beredskapen ved Odda sjukehus.

Hordaland fylkesting ser det som særst avgjerande at den naudsynte kirurgiske akuttberedskapen ved lokalsjukehuset i Odda vert vidareført som i dag. Fylkestinget syner til at det einaste lokalsjukehuset i Hardanger har svært utfordrande geografi, topografi, og vanskelege veg- og vêrtilhøve. Fylkestinget vil difor sterkt understreka at Odda sjukehus framleis må ha eit akuttkirurgisk døgntilbod.

Hordaland fylkesting vil og minne om sitt samrøystes vedtak den 9. desember 2015 om at lokalsjukehusa på Stord og i Odda treng både medisinsk og kirurgisk akuttberedskap for å sikre eit fullverdig lokalsjukehus

Hordaland fylkesting oppmodar difor styret i Helse Vest i sitt styremøte den 4. april om å leggje avgjerande vekt på dei samstemte fråsegnene for fortsatt akuttkirurgi frå helsepersonellet ved Odda sjukehus, fastlegane, alle dei politiske organa i Odda lokalsjukehusområde og heile organisasjonslivet og næringslivet i dette distriktet.

Med helsing

Pål Kårbø
fung. fylkesordfører

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Brevet er sendt til:

Hordalandsbenken – Stortinget
Helse Vest